

Saksframlegg

Arkivsak-dok.	25/09197-1
Saksbehandler	Nils Reimer Eidhammer

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet	24.11.2025	
Kommunestyret	11.12.2025	

Budsjett 2026, Økonomi- og handlingsplan 2026 - 2029**Kommunedirektøren si innstilling:****1. Handlingsplan 2026-2029**

Vestnes kommunestyre vedtek kommuneplanen sin handlingsdel 2026-2029 slik det går fram i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2026, økonomi- og handlingsplan 2026-2029.

2. Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029

Vestnes kommunestyre vedtek økonomiplan for 2026-2029 og årsbudsjett for 2026 i samsvar med bevillingsoversiktene etter §5-4, slik det går fram i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2026, økonomi- og handlingsplan 2026-2029.

3. Klima og miljø

Vestnes kommunestyre vedtek klimabudsjettet med tiltak slik det går fram i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2026, økonomi- og handlingsplan 2026-2029.

4. Investering og låneopptak

- a) Vestnes kommunestyre vedtek investeringsbudsjettet for 2026 i samsvar med bevillingsoversiktene etter § 5-5, slik det går fram i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2026, økonomi- og handlingsplan 2026-2029
- b) Vestnes kommunestyre godkjenner låneopptak på kr 22,2 mill. kroner til finansiering av kommunen sine investeringar, jf. Kommuneleova §14-15 første ledd
- c) Vestnes kommunestyre godkjenner låneopptak på 15 mill. kroner til finansiering av vidareutlån til bustadformål, jf. Kommuneleova §14-17
- d) Vestnes kommunestyre godkjenner bruk av trekkrettigheit og opptak av likviditetslån ved behov med inntil 150 mill. kroner. Dette i samsvar med kommunen sitt økonomi- og finansreglement.

5. Eigedomsskatt

- a) I medhald av Eigedomsskattelova §§ 2 og 3, skriv Vestnes kommunestyre ut eigedomsskatt for 2026 på alle faste eigedommar i heile kommunen. På tidlegare skattlagte verk og bruk skriv Vestnes kommune ut skatt på næringsdelen (bygning og grunn)
- b) Generell skattesats vert på **7,0** promille. For bustad og fritidsbustad vert skattesatsen halden uendra på **4,0** promille.
- c) Det vert ikkje rekna botnfrådrag for bustaddelen i bustadar og fritidsbustadar jf. Eigedomsskattelova §§ 11, 2. ledd
- d) Som standard vert det 4 betalingsterminar jf. Eigedomsskattelova § 25. Vestnes tilbyr fleksibel fakturering, der ein kan velje mellom 1, 4 eller 12 terminar
- e) For utskriving av eigedomsskatt på bustadeigedomar skal kommunen bruke Skatteetaten sitt formuesgrunnlag for dei bustadane der dette er berekna (§ 8 C-1 i Eigedomsskattelova). Elles skal Vestnes kommune sine gjeldande eigedomsskattevedtekter med revideringar vedtekne av Vestnes kommunestyre nyttast
- f) Vestnes kommunestyre fritek etter § 7 i Eigedomsskattelova:
 - i. Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylke eller staten.
 - ii. Eigedom som har historisk verdi.

6. Finansielle måltal

Vestnes kommunestyre vedtek følgjande finansielle måltal:

Finansielle måltal	2026	Langsiktig måltal
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	1,2 %	> 1,75 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	1,9 %	> 5 %
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	67,4 %	< 75 %

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Med heimel i kommuneloven kapittel 14 skal kommunestyret vedta årsbudsjett for det komande året og økonomiplan for dei neste fire åra før årsskifte. Det er formannsskapet som innstiller med sitt forslag til kommunestyret.

Budsjettet for det første året er bindande, medan økonomiplanen for dei påfølgjande åra er retningsgjevande. Etter plan- og bygningsloven kan økonomiplanen inngå eller utgjere handlingsdelen. Desse planane heng i hop og må sjåast i samanheng.

Kommuneplanen sin handlingsdel syner korleis Vestnes kommune skal følgje opp kommuneplanen som er det overordna styringsdokument, i tillegg til lovpålagde oppgåver og nasjonale styringssignal. Budsjett og økonomiplanen skal vise kommunestyret sine prioriteringar og bevillingar samt dei mål og premisser som dette blir bygd på. Det skal også vise til utviklinga i kommunen sin økonomi og utvikling i gjeld og

andre vesentlege langsiktige forpliktingar. Økonomiplanen skal vise til korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar blir følgt opp.

Budsjettet og økonomiplanen skal delast inn i ein driftsdel og ein investeringsdel. Desse skal setjast opp i balanse og vere realistisk, fullstendige og oversiktlege.

Kommunestyret skal etter økonomireglementet vedta netto driftsramme på sektor-/ kommunalområdenivå. Kommunedirektøren har fullmakt til å fordele budsjettet vidare til dei ulike einingane innanfor kommunalområda.

Lenke til budsjett 2026, økonomi- og handlingsplan 2026-2029:

[Budsjett 2026, økonomi- og handlingsplan 2026-2029](#)

Vurdering

Forslaget til budsjett og økonomi- og handlingsplan bygger i hovudsak på tre grunnlag: kommuneplanen sin samfunnsdel, den heilskaplege innsatstrappa og behovet for omstilling. I tillegg sjølvstilt til tal-delen frå statsbudsjettet.

Vestnes kommune vedtok tidlegare i 2025 ein ny samfunnsdel i kommuneplanen for perioden 2025 – 2037. Dette er vårt felles langtidsprogram som stiller opp mål og gir retning for utviklinga av Vestnes-samfunnet. Tiltak som er foreslått i budsjett og økonomiplanen bygger opp om måla og strategiane i samfunnsdelen.

Den heilskaplege innsatstrappa for kommunal verksemd inneber ei systematisk tilnærming til å handtere ulike utfordringar innanfor samfunns- og tenesteyting. Trappa består av fleire nivå som illustrerer gradvis auka innsats og tilpassing av tiltak, der tidleg intervensjon og førebygging er sentrale element. Frå generelle, universelle tiltak for heile befolkninga, til meir målretta innsats for spesifikke grupper med behov, vektlegg trappa samarbeid mellom ulike aktørar og tenesteleverandørar. Desse kan vere både innan privat sektor, frivillig sektor og kommunal sektor. Dette skal sikre ein heilskapleg tilnærming som møter individ- og samfunnsbehov på ein effektiv måte. I Vestnes kommune, som i dei fleste andre kommunar, har ressursbruken vore størst øvst i innsatstrappa, der vi finn heildøgns omsorgstilbod. Utfordringa blir å vri ressursbruken lenger nedover i innsatstrappa. I budsjett og økonomiplanen foreslår vi til dømes tiltak som kan frigjere kapasitet i heimetenester og gjere det mogleg for fleire å bu heime lengre.

Behovet for omstilling heng i hovudsak saman med den demografiske utviklinga. I neste ti-årsperiode vil talet på eldre over 67 år auke mykje, og talet på born gå ned. Samstundes går talet på yrkesaktive pr eldre kraftig ned. Talet på personar som står utanfor arbeid, utdanning eller tiltak er og høgt og aukande. I sum gjer dette at vi om få år ikkje vil ha nok hender til å utføre arbeidet slik vi gjer i dag. Vi må arbeide annleis. Vi må gjere meir av noko og mindre av noko anna. Noko vi gjer i dag må vi truleg slutte med og sjå på om andre kan gjere i staden. Vi vil i tida framover gå igjennom organisasjonen og arbeidsdeling internt og eksternt. Vi vil sjå på korleis vi utnyttar system og teknologi og vurdere interkommunalt samarbeid der dette er hensiktsmessig.

Vestnes kommune sin inntekter fell mykje i økonomiplanperioden. Integreringstilskotet fell med 42 mill kroner frå 2026 – 2029. Dette heng saman både med vedtak om redusert mottak i åra framover og at dei store mottakstala frå dei første åra vert ferdige med 5-årsperioden med integreringstilskot.

For vertskommunetilskotet er det lagt til grunn at dette blir redusert med 10 mill kroner per år i økonomiplanperioden. Det vil si at tilskotet går ned frå om lag 83 mill kr i 2026 til om lag 53 mill kr i 2029.

Inntektene frå havbruksfondet og korleis desse vil utvikle seg framover er og usikkert. Kommunedirektøren har i budsjett og økonomiplanen lagt til grunn ei vidareføring av dagens nivå.

Det å møte desse utfordringane knytt til inntektsbortfall krev omstilling i heile organisasjonen. Sjølv sagt særleg opp mot dei som arbeider direkte med vertskommunebrukarar eller flyktningar, men heile kommunen har nytt godt av midlane og må bidra.

Finansielle måltal

Kommunestyret er pliktig til å forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna bli ivaretatt over tid, og har vedteke tre finansielle måltal som skal indikere om kommunen sin samla økonomi utviklar seg i riktig retning. Måltala er netto driftsresultat, disposisjonsfond og gjeldsgrad. Framom i vedtaket er det sagt korleis desse vil utvikle seg i 2026 med kommunedirektøren sitt forslag for til budsjett.

Nedanfor beskriv kommunedirektøren kort utviklinga i økonomiplanperioden.

Netto driftsresultat

Teknisk berekningsutval anbefaler at kommunesektoren bør ha eit netto driftsresultat på 1,75 % over tid som eit minimum. Det vil for Vestnes kommune bety eit positivt netto driftsresultat på om lag 17 mill. kroner i 2026. Ut frå den økonomiske situasjonen som Vestnes kommune står i, vil det vere lite realistisk å ha dette som ei målsetting i planperioden. Kommunedirektøren rår til at måltalet på 1,75 % bør vere ei langsiktige målsetting, for å kunne gje kommunen eit handlingsrom over tid.


Som kjent har netto driftsresultat variert mykje frå år til år. Vestnes kommune har over mange år hatt ei for høgt driftsnivå noko som har gjort det vanskeleg å oppnå positive netto driftsresultat av ein slik størrelse at det har medført oppbygging av disposisjonsfond.

For å kunne oppnå positive netto driftsresultat dei neste åra er det lagt inn ei rekke tiltak for å omstille driftsnivået i tenesteproduksjonen. Det er heilt avgjerande at alle tiltak som kommunedirektøren legg fram blir gjennomført og gir dei økonomiske effektane som er førespegla.

Grafen under viser korleis resultatet har utvikla seg frå 2021, og korleis nøkkeltalet vil utvikle seg i åra framover dersom vi legg til grunn kommunedirektøren sitt forslag til budsjett- og økonomiplan. Som det går fram er målet positive netto driftsresultat for åra 2026 til 2029, men mykje av dei midla må nyttast i 2029.

Netto driftsresultat (resultatgrad)

Grafen er i %



Disposisjonsfond


Med bakgrunn i positive resultat for åra 2022 - 2024 har vi satt av midlar på disposisjonsfond. Kommunen har 7,9 mill. kroner på disposisjonsfond ved inngangen til 2025. Om årsprognosen for 2025 ved 2. tertial 2025 slår til vil vi måtte bruke opp disposisjonsfondet i årsoppgjeret for 2025, samt moglegvis og ha udekt meirforbruk som må dekkast inn i løpet av 2026 og 2027 for å unngå ROBEK.

Målalet som er vist i tabellen under stig i planperioden, sidan ein her legg til grunn at dei avsette midlane blir ståande på disposisjonsfond kvart år. Grafen tek utgangspunkt i situasjonen her og no og føresett at vi ikkje bruker av disposisjonsfondet i 2025. Sjølv om vi greier den oppbygginga som økonomiplanen legg opp til vil vi framleis, som grafen viser, vere eit stykke unna målsettinga om minimum 5%.

Som nemnd over, vedkomande netto driftsresultat, legg forslaget til grunn at vi bygger opp disposisjonsfond i åra 2026 – 2028, medan vi bruker av det i 2029.

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter

Grafen er i %



Gjeldsgrad


I kommunelova står det at kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko i gjeldsforvaltninga. Kva finansiell risiko kommunen toler vil vere avhengig av kommunen sitt disposisjonsfond og driftsnivå. Vestnes kommune har usikre netto driftsresultat og lite midlar på disposisjonsfond. Å halde gjeldsgraden på eit handterleg nivå har difor vore viktig og vil framleis vere det.

Gjeldsgraden auka mykje i åra 2016-2021 som følgje av fleire større investeringsprosjekt. Der sjølvsagt låneopptak til Helsehuset Stella Maris var det mest sentrale. Det har vore eit særskilt nøkternt investeringsnivå i perioden etter dette, noko som har bidratt til at gjeldsgraden har gått gradvis ned etter 2021. Det er ei målsetting i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett og økonomiplan for 2026 – 2029 at gjeldsgraden ikkje skal auke vesentleg.

I økonomiplanperioden for 2026-2029 vil gjeldsgraden halde seg stabil og ligge rett i underkant av 70 %. Dette er altså det einaste finansielle måltalet per i dag der Vestnes kommune oppfyller målsettinga.

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter

Grafen er i %



Investeringar

På grunn av den økonomiske situasjonen er investeringsnivået i planperioden satt til eit minimum, jfr og punkt framom om gjeldsgrad.

Det er ingen store enkeltinvesteringar i 2026, men fleire mindre investeringstiltak. For 2026 er dei største investeringane knytt til samleinvesteringane til VA og til veg. Desse utgjør 7 millionar kroner kvar. Innan begge områda er behovet for oppgraderingar stort og det har i tillegg vore ei stor kostnadsauke dei seinare år innan desse felte. Vidare er det prioritert bytte av tak på Vågstranda kyrkje. Det har i 2025 vore løyva midlar over driftsbudsjettet til renoveringsarbeid ved Vågstranda kyrkje og det er og avdekka behov for bytte av tak. Det har tidlegare vore investert mykje i kyrkjene i Vestnes og gjennom desse prosjekta ved Vågstranda kyrkje bringer vi og denne opp til same standard. Kommunedirektøren prioriterer vidare fleire prosjekt som skal styrke tilbodet på dei nedste trinna i innsats-trappa og bidra til at eldre kan bu lenger heime. Dette gjelder innkjøp av kommunale hjelpemiddel og meistringsteknologi- trygglesalar. Dette må og sjåast i samanheng med prioriteringar gjort i forslag til driftsbudsjett. For å sikre oppfølging og tiltak knytt til viktig utgreiingsarbeid som Helse- og omsorgsplan og plan for etterbruk av Hellandheimenområdet og bustadpolitisk handlingsplan, prioriterer og Kommunedirektøren midlar til dette.

Det er fleire store investeringar som kunne vore planlagt/gjennomført og som Kommunedirektøren ikkje har funne rom for å ta med, slik den økonomiske situasjonen er for Vestnes kommune per i dag. Dette kan til dømes handle om ny kulturskule, rehabilitering av Tomrefjord skule og Helland barneskule, samt pårørandeinitiativ knytt til bygging av omsorgsbustader. Sistnemnde meiner Kommunedirektøren og må sjåast i samanheng med utgreiingsarbeidet nemnd over og eventuelt behov som vert avdekka her. Når

det gjeld prosjektet med ny ungdomsskule ønsker Kommunedirektøren å følge opp Ad- hoc utvalet si innstilling med eit forprosjekt med formål å avklare problemstillingar knytt til gjennomføring av prosjektet. Forprosjektet må inkludere kostnadsoverslag og avklaring kring eventuelt samarbeid med kultur/idrett/næringsliv kring bruk og realisering av bygget/området. Dersom forprosjekt og kommuneøkonomi tilseier det vil prosjektet bli innarbeida i økonomiplanen ved seinare rulleringar av denne. Kommunedirektøren tek sikte på at rapport frå forprosjektet tidlegast vil ligge føre til politisk behandling ved budsjettbehandling hausten 2026. Vi viser til tiltak i driftsbudsjettet med tilsetjing av prosjektleiar i Samfunn og samskaping som vil kunne bidra til fortgang her.

Klima og miljø

Klimalova har som mål at utsleppa av klimagassar i 2030 skal vere minst 50, helst 55 % lågare enn i 1990. Dette er ei krevjande målsetning som krev at Vestnes kommune arbeider heilskapleg mot Vestnes-samfunnet. Vestnes kommune er ein viktig pådrivar, men samstundes kan vi redusere klimagassar gjennom vår rolle som lokal planmynde, eigar av bygg og anlegg, grunneigar, innkjøpar, samfunnsutviklar med meir.

Kommunestyret har vedteke følgjande klimamål (PS-130/21):

- Det skal arbeidast mot at Vestnes-samfunnet sine klimautslepp skal innan 2030 vere redusert med 60 % samanlikna med nivået i 2009. Dette omfattar både direkte utslett innanfor kommunen sitt geografiske område og indirekte utslepp som følgje av aktivitetar initiert av organisasjonen Vestnes kommune.
- Det skal arbeidast mot at innan 2050 skal Vestnes-samfunnet redusere sitt klimafotavtrykk med 95 % samanlikna med nivået i 2009.

I klimabudsjettet føreslår kommunedirektøren ei vidareføring av tiltaka som var føreslått ved førre budsjettbehandling. Det er særleg prioritert klimatiltak som kan gjennomførast innanfor einingane sine driftsrammer. Sidan målet er å redusere gjeldsgraden, er det få tiltak som går over investeringsramma. Dei investeringane som er føreslått, bidreg både til å redusere klimautslepp og driftsutgifter.

Vedlegg

FramsiktPDF (1)
Vedtak kontrollutvalet

Særutskrift: